

Ikkje rør sjukelønna!



SV.NO

Ikkje rør sjukelønna!

Noreg har ei god sjukelønnsordning, og det er bra. Sjukdom kan ramme kven som helst. Då må vi vere trygge på at storsamfunnet stiller opp.

Å vere frisk og kunne delta i arbeidslivet er eit grunnleggjande gode. Vi må jobbe for eit meir inkluderande og tilpassa arbeidsliv der dei som kan delta, deltek, og dei som faktisk er sjuke ikkje blir pressa på jobb.

Dette er under angrep i dag. Høgre vil at det skal bli både vanskelegare og dyrare å vere sjuk, og Venstre vil kutte i sjukelønna. Det vil gjere kvardagen verre for folk som allereie har det vanskeleg.

Vi veit at høg inkludering i arbeidslivet og låg arbeidsløyse heng saman med høgare sjukefråvær. Å inkludere fleire betyr også at fleire med sjukdommar og kroniske lidingar deltek i arbeidslivet. Det er eit gode for samfunnet, sjølv om enkelte vil ha større fråvær.

Vi må jobbe for tilrettelagde arbeidsplassar som ivaretek helsa til dei tilsette, ikkje rasere rettar. Vi må prøve ut tiltak som gjer at færre slit seg ut, og fleire får høve til å delta, ikkje kutte i sjukelønna. Det vil gi eit betre samfunn for oss alle.

Styrk arbeidstakarane sine rettar – ikkje rør sjukelønna!

SV jobbar for:

- krav til arbeidsgivarar om betre tilrettelegging
- at kvinners arbeidshelse må takast på alvor
- rask psykisk helsehjelp i alle kommunar

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn her

